

Hareid 01.12.2021

Til Hareid kommune  
ved Nærings og miljøutvalet

## SØKNAD OM ENDRING AV MINSTEAREAL FOR TILDELING AV FELLINGSLØYVE VED HJORTEJAKTA I HAREID KOMMUNE.

Styra i Hareidsdalen jaktvald, Hjørungavåg jaktvald, Nakkane jaktvald, og SKAU jaktvald har kvar for seg vedteke å sende felles søknad til Hareid kommune ved Nærings og miljøutvalet om reduksjon av minstearealet for tildeling av fellingsløyve ved hjortejakta i kommunen.

Valda søker om at minstearealet blir endra til 200 da pr dyr.

I skrivet «Målsetjing og ramer for hjorteviltforvaltinga i Hareid kommune», står det slik om minstearealet for kommunen:

*Gjeldande minsteareal for kommunen er 350 dekar pr dyr. Kommunen kan, etter forskriftene, godkjenne å avvike minstearealet med inntil 50%. Dersom avvik vert innarbeidd i bestandsplanen, må dette grunngjenvært.*

Under kapittelet «Mål» står det slik om storleiken av stamma:

*Storleiken på stamma bør stabiliserast på 2008-nivå. Kjønns- og aldersfordelinga bør stabiliserast på 2008-nivå.*

Hjorteteljingane etter 2008 viser at hjortestammen i kommunen er i vekst.

Erfaringane til jaktvalda dei siste åra er at hjortestammen har hatt ein sterk auke. Om våren og på ettersommaren / tidleg på hausten samlar hjorten seg i flokkar og beiter på oppgjødsla slåttemark. Resultatet blir beiteskadar og reduserte grasavlingar for bøndene. På gardane og i områda med med busetnad nært utmarka, går hjorten inn i hagane og øydelegg frukttrær og andre nyttevekstar.

Hjorten er verstdyr for flått, og flåtten kan spreie sjukdommen borreliose. I område i Hareid der hjorten samlar seg, har mange opplevd å få denne sjukdommen. (Reportasje frå Rise i NRK Møre og Romsdal). Å unngå ein vidare vekst (og helst få ein reduksjon til 2008-nivå), i hjortestammen bør derfor vere eit mål også ut frå eit folkehelseomsyn.

Avskytinga tidlegare år, då dei fleste jaktvalda hadde bestandsplanar der talet på fellingsløyve vart rekna ut frå minstearealet på 350 da, førte ikkje til at målsettinga om ei stabil hjortestamme på 2008-nivå vart innfridd. Mykje hjort og høg avskyting har ført til at jaktvald har sökt om avvik frå minstearealet og fått innvilga dette. Fleire jaktvald har i dag bestandsplanar der talet på jaktløyve er berekna ut frå 180 – 200 da pr fellingsløyve.

Så mykje hjort som det er i området no, bør det vere unødvendig å søkje om avvik frå kommunen sitt vedtekne minsteareal gong etter gong. I staden bør minstearealet reduserast. To hundre dekar pr dyr bør vere eit fornuftig minsteareal for å klare å nå kommunen si målsetting om ei stabil hjortestamme på 2008-nivå.

På vegne av jaktvalda

Norvald Røyset